

Protokoll frå årsmøtet i Hadeland dialekt- og mållag 2023

Gamleskulen på Harestua

16. februar 2023

Til stades: Reidun Ramse Sørensen, Gunvor Kjendlie, Torill Nedberge Klevmark, Stein Buan, Kari Røken Alm, Vemund Viken. Frå Noregs Mållag møtte Ingar Arnøy.

Reidun Ramse Sørensen ønska velkommen til årsmøtet. Stein Buan fortsette med kåseri og song. Ingar Arnøy frå Noregs Mållag innleia om erfaringar med klassesett av Norsk Barneblad.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innstilling: Innkalling og saksliste er godkjend.

Ord til saken: Reidun Ramse Sørensen

Ved votering blei innkallinga og sakslista einstemmig godkjend.

Sak 2: Konstituering

Innstilling: Som ordstyrar vel årsmøtet Torill Nedberge Klevmark. Som møteskrivar vel årsmøtet Reidun R. Sørensen. Til å godkjenne protokollen vel årsmøtet to frammøtte medlemmer.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen la fram forslag om Vemund Viken som møteskrivar.

Framlagte forslag: Reidun Ramse Sørensen la fram forslag om at Vemund Viken skulle vere møteskrivar.

Ved votering blei Torill Nedberge Klevmark valt som ordstyrar.

Ved votering blei Vemund Viken valt som møteskrivar.

Ved votering blei Gunvor Kjendlie og Kari Røken Alm valt som protokollunderskrivarar.

Sak 3: Årsmelding 2022

Innstilling: Årsmeldinga er godkjend.

Ord til saken: Reidun Ramse Sørensen

Ved votering blei innstillinga einstemmig godkjend, men det blei påpeika ein skrivefeil under punktet om representasjon, kulepunkt. «16. april 2022» skal erstattast med «2021».

Sak 4: Rekneskap 2022

Rekneskapen er kontrollert og funne i orden.

Innstilling: Rekneskapen er godkjend.

Ord til saken: Reidun Ramse Sørensen

Ved votering blei innstillinga einstemmig godkjend.

Sak 5: Årspengar 2024

Innstilling: Årsmøtet i Hadeland dialekt- og mållag vedtek kr. 50 som årspengar for 2024 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

Framlagte forslag: Det blei ikkje lagt fram alternative forslag.

Ved votering blei innstillinga einstemmig godkjend.

Sak 6: Innkome forslag

Det var ikkje kome inn noko forslag til årsmøtet.

Sak 7: Arbeidsprogram 2023

Innstilling: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet som rettleiande for styret.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen

Framlagte forslag: Reidun påpeika at 75-årsjubileet for HDML er 28. september. Reidun foreslo at vi stryk «fire» og kallar det «klassesett».

Ved votering blei innstillinga einstemmig godkjend med dei endringane Reidun foreslo.

Sak 8: Val

Innstilling: Valnemnda si innstilling til styre og styret si innstilling til ny valnemnd blei lagt fram i møtet.

Valnemnda si innstilling:

Verv	Namn	Periode
Leiar	Reidun Ramse Sørensen	1 år
Nestleiar	Vemund Viken	Ikke på val
Kassestyrar/skrivar	Reidun Ramse Sørensen	2 år
Styremedlem	Grethe Bøe	Ikke på val
Styremedlem	Torill Nedberge Klevmark	2 år
Styremedlem	Inger Marie Højfeldt	2 år
Første vara	Anne Berit Rækken	1 år
Andre vara	Jan Reidem	1 år
Ettersynsmann/kvinne	Arnfinn Nilsen	1 år
Rekneskapsfører	Einar Raastad	1 år
Signatur	To styremedlemmer i fellesskap	
Prokura	Kasserar (ev. rekneskapsfører) og leiar kvar for seg	
To utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget	Leiar og nestleiar, med styremedlemmer og varafolk som varafolk i den rekkefølga som går fram av vedtektene paragraf 5	

Styret si innstilling til valnemnd

Verv	Namn	Periode
Medlem	Vemund Viken	<i>Er ikkje på val</i>
Medlem	Jan Reidem	2 år

Vemund Viken la fram valnemnda si innstilling.

Reidun Ramse Sørensen la fram styret si innstilling til valnemnd.

Framlagte forslag: Det blei ikkje lagt fram alternative forslag.

Ved votering blei valnemnda si innstilling til styre einstemmig godkjend.

Ved votering blei styret si innstilling til valnemnd einstemmig godkjend.


Vemund Viken
Møteskrivar


Gunvor Kjendlie
Protokollunderskrivar


Kari Røken Alm
Protokollunderskrivar